



Taxi1 AS
v/ Robert Aasmul
Ledelse@taxi1.no

Dato: 10.03.2015
Vår ref.: 2015/2797-2
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Brevet er berre sendt som e-post

Manglande prisopplysing og profilering

Me viser til Taxi 1 sitt brev av 02.03.2015 der sentralen bed samferdselsavdelinga å påleggja alle sentralane å ha oppdatert prisinformasjon på nett, samt å profilera drosjene tilknytt den einstilte sentral.

Taxi 1 hevdar at Norgestaxi Bergen ikkje har oppdatert prisane på internett, og meiner dette er villeiande for kundane og konkurransevridande. Vidare hevdar sentralen at manglande profilering fører til at kundane ikkje klarer å orientera seg og derfor vel feil sentral i høve til pris.

Drosjesentralane og løyvehavarane pliktar å gje dei reisande klår og synleg opplysning om prisane på drosjetenester, jf. drosjereglementet pkt. 11 første punktum. Drosjesentralane er såleis pliktige å oppdatere prisinformasjonen på nettsida si dersom prisane vert endra. Vidare skal drosjene ha prisopplysningar som er synlege både på utsida og innsida av køyretøyet, jf. drosjereglementet pkt. 11 andre punktum.

Samferdselsavdelinga ser at nokre sentralar har prisinformasjon på nett som er oppdatert hausten 2014, medan nokre har prisinformasjon som er eldre en dette. Den prisinformasjonen som er offentleg tilgjengeleg skal vera gjeldande. På bakgrunn av Taxi 1 sine opplysningar, vil samferdselsavdelinga retta ei førespurnad til dei sentralane som framleis opererer med prisar frå før 2014, for å få stadfesta om prisane er reelle.

Yrkestransportregelverket har krav til taklykt, jf. forskrifta § 48, men ikkje til særskilt profilering av drosjene. Det er heller ikkje krav til profilering i drosjereglement for Bergen køyreområde. Departementet opna i brev av 23.01.2012 for at drosjesentralane kan påleggja løyvehavarane å profilera drosjebilane av omsyn til konkurransen, dersom særskilte vilkår er oppfylte. Dette er eit høve sentralane har, men ikkje eit krav.

Løyvestyresmakta kan fastsetja nærare reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet, jf. forskrifta § 46, siste ledd. I tråd med dette har samferdselsavdelinga som kjent utarbeidd utkast til revidert drosjereglement der m.a. krav til profilering vert innført. Sak om reglementet er no under arbeid. Per i dag har samferdselsavdelinga ikkje heimel for å påleggja sentralar å ha særskilt profilering av drosjebilane knytt til sentralen.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.